

Liste over høyringsinstansar

Dykkar ref

Vår ref

Dato

25/1619-

18. mars 2025

Høyring – Forslag til ny forskrift om opptak til høgare utdanning (opptaksforskrift)

Kunnskapsdepartementet sender med dette forslag til ny forskrift om opptak til høgare utdanning (opptaksforskrift) på høyring. Forslaget følger opp Meld. St. 20 (2023–2024) *Opptak til høgare utdanning*. I tillegg foreslår departementet fleire andre endringar. I punkt 1 i det vedlagde høyringsnotatet er det ei oversikt over dei største innholdsmessige endringane samanlikna med gjeldande opptaksforskrift.

Høyringa inneheld ikkje årlege endringar på grunnlag av forslag som departementet mottok frå universiteta og høgskulane innan fristen 1. mars. Desse forslaga vil bli vurdert og sende på høyring på eit seinare tidspunkt.

Høyringa er tilgjengeleg på regjeringen.no. Vi ber om at høyringsfråsegner blir sende elektronisk ved å bruke den digitale løysinga på www.regjeringen.no/id3090858.

Høyringa er open for alle. Også andre enn dei som står på lista over høyringsinstansar, er velkomne til å uttale seg. Vi ber høyringsinstansane vurdere om saka bør leggest fram for underordna organ som ikkje er nemnde på lista over høyringsinstansar.

Høyringsfristen er 18. juni 2025.

Med helsing

Therese Sofie Aasen (e.f.)
avdelingsdirektør

Susanne Sollie
fagdirektør

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar